



Nye Ålesund kommune

Styringsgruppas arbeidsutval (AU)

Referat frå møte 2

Stad: Ålesund rådhus
Dato: 29. november 2016
Tid: Kl. 11:00 – 12:45
Til stades: Eva Vinje Aurdal (Ålesund), Oddvar Myklebust (Sandøy) og Dag Olav Tennfjord (Skodje). Karen Simonnes Aanes (Ørskog) meldte forfall.
Andre: Bente Glomset Vikhagen og Anne Mette Liavaag.

Møtet var avtalt i AU sitt første møte (telefonmøte).

Agenda:

1. Stilling som prosjektkoordinator

Med bakgrunn i det styringsgruppa har vedtatt og AU diskuterte i sitt telefonmøte, har Ålesund lyst ut engasjementstilling som prosjektkoordinator frå snarast og ut 2017. Søknadsfristen er sett til 6. desember. Det er allereie kome søknad.

Konklusjon:

AU held nytt møte 7. desember for å gå gjennom søkarlista og tek da avgjerd om vidare behandling av saka.

2. Prosjekt for utvikling av lokaldemokrati og medverknad

Ålesund har søkt på prosjektmidlar for utvikling av lokaldemokrati og medverknad. Søknaden tek utgangspunkt i det som går fram av intensjonsavtalen om nye Ålesund kommune. Fylkesmannen har imøtekome søknaden.

Det er lagt til grunn i søknaden at det skal engasjerast ein prosjektleiar. Det kan skje gjennom ei engasjementstilling eller ved å kjøpe tenester. Det er styringsgruppa for nye Ålesund kommune som har ansvar for og leiar prosjektet.

Konklusjon:

Rådmenne blir bedt om å lage utkast til ein prosjektorganisasjon. AU tek deretter kontakt med Sunnmøre Regionråd (SR) med spørsmål om SR kan leie prosjektet og utarbeide ein framdriftsplan for å realisere prosjektet i tråd med søknaden og prosjektorganisasjonen. Saka blir lagt fram for AU i møte 4. januar (14:00 – 16:00) som så gir tilråding til vedtak i styringsgruppa i møte 19. januar. Rådmenne blir med i møta i AU og styringsgruppa.

3. Møteplan for styringsgruppa første halvår 2017

Tore Hals la fram forslag til møteplan.

Konklusjon:

AU sluttar seg til forslaget og sender møteplanen over til styringsgruppa sine medlemmer og vara, med kopi til rådmennene.

Tore Hals
referent